

HARDANGERVIDDIA GRUNNEIGARSAMSKIPNAD (HG)

HG-NYTT

Nr.28 Januar 2014

Red.: Nils Bjørn Vistad Tlf. 900 33 113

E-post:nbjoer-v@online.no

Styremøte 29.11.13

HG heldt styremøte på Ustedalen Hotell, Geilo, i høve det faglege haustmøtet for Hardangervidda. Styret var fulltallig unntatt repr. frå Odda. Fullt referat finn ein på heimesida til HG.

Sak 1. Restansar

Kommunevis gjennomgang av uteståande kontingentar, til etterretning og oppfylgjing.

Sak 2. Driftstilskot til Villreinutvalet (VU)

Grunna stram/dårleg økonomi har VU søkt om auka støtte til si drift. Styret vedtok samrøystes å auke rammetilskotet frå 60' til 80.000 pr. år, rekna frå 2013.

Sak 3. Valnemndmedlem frå Hordaland

Etter noko uklarheit ei tid, er det no avklara at Ove Løyning går inn som nytt medlem i valnemnda, for Hordaland.

Sak 4. Ny heimeside for HG

Mikkel Aanderaa, Gvarv, har arbeidd ei tid med oppnying av heimesida vår. Leiar arbeider med vidare driftsansvar for dette frametter.

Sak 5. Skilting utan grunneigarvarsling

Frå HG i Hordaland er reist spursmål om bakgrunn m.v. for skilting av sti/løype utan at grunneigarsida er varsla i førekant. Sekr. har tatt dette opp med Fylkesmannen i Hordaland (FMHO). Ein er i utgangspunktet positiv til fornuftig skilting, men krev at slikt skal skje i samråd med berørte grunneigerar. FMHO har bekrefta at ein støtter eit slikt grunnkrav, og vil bidra til at dette blir normen frametter.

Sak 6. Bidrag til arbeidet i Villreinutvalet, frå dei som ikkje er medlem i HG

Villreinutvalet gjer eit heilt naudsynleg arbeid i høve forvaltninga av villreinstamma på Hardangervidda. HG-medlemmene støtter dette arbeidet gjennom si kontingentinnbetaling,- jfr. sak 2 over.

Sidan dette arbeidet er til stor bate for alle med eigedomsrett og interesse for villrein, finn ein det mest rett at alle det gjeld også tek del i finansieringa. På dette grunnlag vil ein oppmode dei som ikkje er medlem i HG, om å svare ei avgift til Villreinutvalet (sjå annan omtale).

Sak 7. Arrangementet X-reid

Som venta legg ein opp til å forstørre dette arrangementet. Øvre Numedal Fjellstyre har handsama ein førespurnad om arealbruk til dette, men vald ei restriktiv linje i saka. HG har meldt at ein støtter ei slik linje.

Sak 8. Div orienteringssaker

Det vart orientert om ymse forvaltningsvedtak i Tilsynsutvalet (TU) i Telemark og hjå FM i Telemark: Helikopterbruk ved utfrakt av vilt og ei byggesak frå Møsvatn-Austfjell landskapsvernområde. Begge saker med rigid handsaming!

Sak 9. Møte med ordførarutvalet

I «Regjeringsfråsegna» i haust, vart det vist til at «Lokal medvirkning er viktig i forvaltning av naturressursene, og regjeringa vil ha forsøk med grunneierstyrt forvaltning av verneområder.» Dette er interessante ord i øyro for HG.

I fyrste omgang blir saka å drøfte i eit møte med Ordførarutvalet og Fjellstyra. Odd Gunnar Vikan (Nore og Uvdal) var klar på at ein måtte vite «kva ein ville» i forkant av dette arbeidet. Leiar vil fylgje opp vidare.

Sak 10. Digital kommunikasjon

Etter innspel frå leiar vedtok styret å gå for at mest mogleg kommunikasjon (møtepapir, innkallingar, informasjon m.v.) blir å sende som e-post til *alle som har e-postadresse*, og at dette gjeld frå årsskiftet (snarast råd).

Økonomisk bidrag til drift av Villreinutvalet (VU)

På tampen av fjoråret gjekk det ut brev til alle registrerte grunneigerar/lag/sameiger som ikkje er medlem i HG, med oppmoding om bidrag til drift av VU, på same måte som medlemmene. Dette kan skje gjennom innbetaling av eit tilskot direkte til Villreinutvalet, i storleiksorden kr.30 pr. km².

Samla gjeld dette om lag 70 villreinald (HA-nr) og potensielt noko over 35.000 kr/år.

Optimalt ser ein helst fleire innmeldingar i HG, og dette er også nevnt i brevet, som er signert av leiar i VU Magne Torvetjønn og sekretær Svein Erik Lund.

Vårmøte og årsmøte 2014

Ein har alt dagsett komande vårmøte/fagmøte til laurdag 29. mars. Dimed er også årsmøtet i HG fastsett, til **fredag 28. mars, kl.14.00.**

Begge møter blir haldne på Skinnarbu Høgfjellshotell, Tinn.

Pris pr.person i enkeltrom: kr.1.295,-

Pris dagpakke laurdag, for dei utan overnatting: kr.320,-

Påmelding for overnatting, direkte til Svein Erik Lund, tlf.32741595.

Endring i sekretariatet

I samband med pensjonering, vil sekretariatsadressa bli endra frå Viken Skog til sekretæren si eiga privatadresse på Ringerike. Ny adresse blir då: **HG, v/Nils Bjørn Vistad, Pålerudbyen 72, 3516 Hønefoss.**

Viken Skog har, grunna ulike omstende, ingen ny person på dette saksområdet. Styret i HG vil handsame dette spørsmålet på fyrste møte (mest truleg rett før årsmøtet i mars).

Leiar: Johan Vaa, tlf. 99459470, jov@telefiber.no
Sekretær: Nils Bjørn Vistad, tlf.90033113, nbjoeer-v@online.no

